


**Myking og Hundvin grunneigarlag**  
v/ leiar **Alf G. Nordahl**  
**5957 Myking.**  
**Tlf. 56 36 42 10 / 414 49 033..**  
**e-post: alguno@hotmail.com**



Til Lindås kommune  
5910 Isdalstø.

Myking, den 30. april 2008.

**SØKNAD OM GODKJENNING AV BESTANDSPLAN FOR HJORT FOR MYKING OG HUNDVIN GRUNNEIGARLAG/ STORVALD FOR ÅRA 2008 -2010.**

På vegne av Myking og Hundvin grunneigarlag/ storvald søker eg om godkjenning av "Bestandsplan for hjort for åra 2008 – 2010".

Denne bestandsplanen for hjort kom i stand i mars 2008, og er vedteken av eit samla årsmøte den 30. april d.å.


Myking og Hundvin Grunneigarlag er ein samanslåing av grunneigarane i midtre delen av Lindås kommune. Laget/ storvaldet femnar i dag om tidlegare Myking og Hundvin grunneigarlag, Natås hjortevald, Natås/ Sæverås hjortevald og Smørkleiv/ Lid hjortevald. Teljande areal for valdet er ca. 69100 dekar.

Laget har eit formalisert samarbeid med vedtekter, sjå vedlegg.

Etter vedtektena for laget skal laget "forvalte viltet og jakta" innanfor sitt område. Ei av oppgåvene til laget er å forvalte hjortestamma, her fungerer laget som eit storvald. Laget ønskjer å følgje opp ansvaret, som grunneigarane har for å drive planbasert og stammeretta forvaltning for hjort, og søker det sjølvstyret som planlegginga gjev (§ 14 i forskrift for forvaltning av hjort og bever).

Det har i planleggingstida vore arbeid for at dei små hjortevalda innanfor Myking og Hundvin grunneigarlag sitt område skal ta del i arbeidet med denne planen og i gjennomføringa av han. Vi ønskjer at alle grunneigarar innanfor planområdet skal få hove til å ta del i samarbeidet om forvaltaransvaret for hjortestamma. Vi vil at alle skal hauste føremonane med ein felles plan, der vi har heilskap i forvaltninga av hjortestamma vår.

Med venleg helsing  
for  
Myking og Hundvin grunneigarlag/ storvald

  
Alf G. Nordahl/ leiar

Vedlegg: Bestandsplan for hjort 2008 – 2010 for Myking og Hundvin grunneigarlag

**BESTANDSPLAN  
for  
HJORT**



**Myking & Hundvin  
grunneigarlag  
2008-2010**

## INNHALDSLISTE

<b>DEL 1. INNLEIING.....</b>	<b>3</b>
1.1 Bakgrunn for planlegginga.....	3
1.2 Planområde.....	3
1.3 Rettstilhøve og organisering.....	3
1.4 Jaktfelt/jaktleiarar.....	4
1.5 Planperiode.....	4
1.6 Målsetting.....	4
1.7 Drift av valdet.....	5
<b>DEL 2. STATUS OG VURDERINGAR</b>	
2.1 Hjorten sin utbreisle og trekktihøve .....	4
2.2 Beiteskader.....	5
2.3 Statistikk og observasjonar.....	5 og 6
2.4.3 Vårteljing.....	7
2.5 Fallvilt.....	7
<b>DEL 3. HANDLINGSDEL</b>	
3.1 Avskytningsplan.....	7
3.2 Ettersøksavtaler.....	7
3.3 Felling av skadedyr.....	8
3.4 Sett hjort data.....	8
<b>DEL 4. AVSKYTINGSPLAN</b>	
4. Avskytingsplan for 2008 – 2010.....	8

## **DEL 1. INNLEING**

### **1.1 Bakgrunn for planlegginga**

Denne bestandsplanen for hjort kom i stand i mars 2008.

Myking og Hundvin Grunneigarlag er ein samanslåing av grunneigarar i midtre delen av Lindås kommune. Etter vedtekten for laget skal laget "forvalte viltet og jakta" innanfor sitt område. Ei av oppgåvene til laget er å forvalte hjortestamma, her fungerer laget som eit storvald. Laget ønskjer å følgje opp ansvaret, som grunneigarane har for å drive planbasert og stammeretta forvaltning for hjort, og søker det sjølvstyret som planlegginga gjev.

Grunnlaget for å vedta og gjennomføre ein bestandsplan for hjort er at det er eit formalisert samarbeid med vedtekter. Dette er på plass i laget.

Det har i planleggingstida vore arbeid for at dei små hjortevalda innanfor Myking og Hundvin grunneigarlag sitt område skal ta del i arbeidet med denne planen og i gjennomføringa av han. Vi ønskjer at alle grunneigarar innanfor planområdet skal få høve til å ta del i samarbeidet om forvaltaransvaret for hjortestamma. Vi vil at alle skal hauste føremonane med ein felles plan, der vi har heilskap i forvaltninga av hjortestamma vår.

### **1.2 Planområde**

Valdet sitt område ligg i midtre delen av Lindås kommune og har følgjande geografiske grenser:

I vest: Lurefjorden

I nord: Lindåsosane, Fjellsendevatnet og Vabøvatnet.

I aust: Fensfjorden

I sør: Kjeggjarvatnet, Vikavatnet, Midtvatnet, Tveitavatnet, Fammestadgarande, Svindal, delar av Hindenes.

I sør grensen valdet til Lindås vest hjortevald og i nord til Lindås nord hjortevald.

Teljande areal for valdet er ca. 70500 dekar.

### **1.3 Rettstilhøve og organisering.**

Medlemmene i Myking og Hundvin Grunneigarlag er grunneigarar/rettshavarar med eigedomar over 40 dekar. Medlemene kan reservere seg frå delar av oppgåvene til laget. Dei har da medlemskap / stemmerett berre for den eller dei oppgåvene dei ønskjer medlemskap for, t.d. medlem berre for forvaltninga av hjortestamma.

Kvar medlem har ei stemme på årsmøtet, som er laget sitt øvste organ. Årsmøtet velger eit styre som forvaltar hjortestamma etter pålegg frå årsmøtet. Grunneigarane er organisert i jaktfelt. Kvart jaktfelt får tildelt fellingskvotar, jaktfelta står sjølve for tildeling av jaktløyver og deling jakutkome. Laget har felles jaktreglar, men jaktlaga organiserer jakta sjølve.

Til no har laget for mange små jaktfelt. Målet er at vi skal ha større jaktlag, som lettare kan drive avretta jakt, og som gjer tildelinga av hjorteløyve enklare.

Nedanfor er eit oversyn over jaktlaga pr.d.d. Vi har som mål å organisere jaktlaga i ei praktisk geografisk samansetning og i høveleg storleik.

## 1.4 Jaktfelt/ jaktleiarar

Jaktfelt / jaktleiar	Teljande areal, inkusiv innmark
1.Ones / Rune Ones	
2.Kvalvåg / Alf Kvalvåg	
3.Hundvin / Henrik Steinsund	
4.Bruvoll / Ottar Hopland	
5.Vik/ Seljelid/ Grimstad/ Aslak Wiik	
6.Nedre Skodvin / Andreas Bøgevik	
7.Konglevoll / Anders Konglevoll	
8.Refsdal/ Fjellsbø / Kjartan Refsdal	
9.Løtveit/ Gaulen / Jacob Gaulen	
10.Brundtland / Nils-Per Torsvik	
11.Træland / Rolf A. Vabø	
12.Marås/Hauge/Spjeldnes / Kjartan Spjeldnes	
13. Fjellsende / Ove Holmås	
14.Skauge / Kjell Bjarne Wergeland	
15. Sletten / Kjartan Sletten	
16. Tveiten/ Vefjell / Jan Morten Eikemo	
17.Nævdal/Bjørnevoll / Øivind Bjørnevoll	
18. Myking / Jan Sølve Fimland	
19. Jordal / Åge jordal	
20. Hauge / Rune Hauge	
21. Tveito/ Grov / Olav A. Tveito	
22. Svindal / Ståle Hauge	
23. Ytre Hindenes / Oddleiv Hindenes	
24. Hindenes/Åsgard / Vegard Fanebust	
25. Reikerås / Egil Øvretveit	
26. Fammestad / Jan Fammestad	
27.Vabø / Hodne / J. A. Vabø	
28. Hodne / Lars Hodnekvam	Nr. 1 – 28 har til saman ca 62000 dekar
29. Natås jaktfelt / Rune Natås	1500 dekar
30. Sæverås/ Natås / Odd Sæverås	2864 dekar
31.Smørdal/Lie jaktfelt / Vidar Klokkeidet	2700 dekar
<b>Sum</b>	<b>ca. 69100 dekar</b>

## 1.5 Planperiode

Denne planen gjeld for åra 2008-2010. Planen skal vurdere planen årleg i høve til nye røynsler og kunnskap. Endeleg revidering vert innan utgongen av 2010.

Planen er underordna offentlege lovar, føreskrifter og planar. Lindås kommune har ansvaret for å innarbeide planen i si overordna planlegging.

## 1.6 Målsetting

Valdet har som overordna mål å forvalta hjortestamma på ein slik måte at ein sikrar ein optimal og vedvarande produksjon og avkastning , sunne og friske dyr, god kjøns- og alders-

fordeling med passande stammestørleik i høve til område si bæremønster (beitetilgang) og skadepress (skog og innmark) for anna verksomhet.

I denne planperioden har ein følgjande delmål:

- Stabilisere stamma på dagens nivå
- Auke slaktevektene på dyra på sikt
- Auke delen eldre bukkar i bestanden
- Auke delen lokale stamdyr i valdet
- Få gode rutinar på innsamling og føring av sett hjort og slaktevekt skjema
- Organisere jaktfelte i høveleg storleik og praktisk geografisk samansetning.

### **1.7 Drift av valdet**

Styret i Myking og Hundvin hjortevaldet står for den løypande drifta av valdet, og skal sette i verk dei tiltaka som er sett opp i bestandsplanen samt å gjennomføre dei vedtaka som vert fatta av årsmøtet. Utgifter til drift av valdet skal dekkjast av valdet, og det skal i høve til dette søkjast om midlar frå det kommunale viltfondet i kommunen.

Styre sine oppgåver er sett opp under.

- Fordeling av løyva blant jaktfelte
- Lage bestandsplan og inngå avtale med kommunen
- Gjennomføre vårteljing av hjort i samarbeid med kommunen
- Kartlegge skader voldt av hjort
- Innsamling av data ("sett hjort") frå jaktfelte
- Rapportering og informasjon til jaktfeltleiarane
- Gjennomføre kontroller av felte dyr
- Skipe fellesmøte/kurs etter ønskje frå årsmøtet

## **DEL 2. STATUS OG VURDERINGAR**

### **2.1 Hjorten sin utbreiing og trekktihøve.**

Det er ikkje gjort undersøkingar som avdekkjer hjorten sine trekkvegar og utbreisle i planområdet. Det er sesongtrekk, men det står også dyr i området heile året.

Tettleiken av hjort innafor planområdet varierer i løpet av året og mellom åra.

Det er observert hjort som har sørmd frå Kvingo/ Einestrond og over Austfjorden til Hodneland/ Hodnekvam.

### **2.2 Beiteskader.**

Skadepresset innafor planområdet har variert. Det har vore meldt om skade på eng, særleg hos grunneigarar som er flinke til å fornye enga. Tre grunneigarar har i siste periode søkt om og fått løyve til felling av skadedyr før den ordinære jakttida. Ein grunneigar med nyplanta frukttrær har også vore plaga av hjort.




Det er ikkje meldt om større skader på skog innafor vårt området.

Ser ein valdet samla er inntrykket at skadepresset er lite.

### 2.3 Statistikk og observasjonar

For planarbeidet legg ein mellom anna tilgrunn fellingsstatistikken for den siste planperioden, kommunale registreringar, vårteljing og rapportar frå jaktlaga de 10 siste åra.

#### Tildeling av fellingsløyver og fellingsresultat i perioden 2003-2007.



<b>Myking og Hundvin grunneigarlag</b>												
<b>Tildelte dyr</b>							<b>Felte dyr</b>					
<b>År</b>	<b>Eldre han</b>	<b>Eldre ho</b>	<b>Kalv</b>	<b>Frie</b>	<b>sum tildel</b>	<b>Eldre han</b>	<b>1 1/2 han</b>	<b>Kalv han</b>	<b>Eldre ho</b>	<b>1 1/2 ho</b>	<b>Kalv ho</b>	<b>sum</b>
2001				100	100	28	13	7	22	11	7	88
2002				100	100	10	14	16	19	12	14	85
2003				100	100	19	17	10	11	22	9	88
2004				100	100	16	19	10	11	7	6	69
2005				100	100	8	14	10	22	14	2	70
2006				100	100	15	22	13	112	10	7	79
2007				100	100	14	15	14	17	15	7	82

<b>Fjellsbø</b>												
<b>Tildelte dyr</b>							<b>Felte dyr</b>					
<b>År</b>	<b>Eldre han</b>	<b>Eldre ho</b>	<b>Kalv</b>	<b>Frie</b>	<b>sum tildel</b>	<b>Eldre han</b>	<b>1 1/2 han</b>	<b>Kalv han</b>	<b>Eldre ho</b>	<b>1 1/2 ho</b>	<b>Kalv ho</b>	<b>sum</b>
2003		1	1		2			1		1		2
2004		1	1		2					1		1
2005	1	1	1		3		1			1		2
2006	1	1	1		3							0
2007	1	1	1		3			1	1		1	3

<b>Sæverås/ Natås</b>												
<b>Tildelte dyr</b>							<b>Felte dyr</b>					
<b>År</b>	<b>Eldre Han</b>	<b>Eldre ho</b>	<b>Kalv</b>	<b>Frie</b>	<b>sum tildel</b>	<b>Eldre han</b>	<b>1 1/2 han</b>	<b>Kalv han</b>	<b>Eldre ho</b>	<b>1 1/2 ho</b>	<b>Kalv ho</b>	<b>sum</b>
2003	2	2	2		6		1					1
2004	1	1	1	1	6				1		1	2
2005	2	2	2		6			1		1		2
2006	2	2	2		6			1	1		1	3
2007	2	2	2		6		1	1				2

<b>Natås</b>												
<b>Tildelte dyr</b>							<b>Felte dyr</b>					
<b>År</b>	<b>Eldre Han</b>	<b>Eldre ho</b>	<b>Kalv</b>	<b>Frie</b>	<b>sum tildel</b>	<b>Eldre han</b>	<b>1 1/2 han</b>	<b>Kalv han</b>	<b>Eldre ho</b>	<b>1 1/2 ho</b>	<b>Kalv ho</b>	<b>sum</b>
2003	1	1	1		3							0
2004		1	1		2							0
2005	1	1	1		3		1			1	1	3
2006	1	1	1		3			1	1		1	3
2007	1	1	1		3		1	1		1		3

<b>Smørdal/ Lid</b>												
<b>Tildelte dyr</b>							<b>Felte dyr</b>					
<b>År</b>	<b>Eldre Han</b>	<b>Eldre ho</b>	<b>Kalv</b>	<b>Frie</b>	<b>sum tildel</b>	<b>Eldre han</b>	<b>1 1/2 han</b>	<b>Kalv han</b>	<b>Eldre ho</b>	<b>1 1/2 ho</b>	<b>Kalv ho</b>	<b>Sum</b>
2003	1	1	1	1	4			1		2		3
2004	1	1	1	1	4	1			2			3
2005	1	1	1	1	4		1					3
2006	1	1	1	1	4	1	1			1	1	4
2007	1	1	1	1	4	1						1

## **2.4 Vårtelling**

Lindås kommune har drive årlege teljeingar av hjort på groen om våren sidan 1999.

Teljingane skjer på faste kørereruter. To av rutene ligg innanfor vårt område.

Det knyter seg mange usikre tilhøve og moglege feilkjelder til vårteljingane. Ein skal difor vere varsam med å tolke og bruke resultata i forvaltningssamanhang.

## **2.5 Fallvilt**

Det er registrert lite fallvilt i området og truleg er ikkje slik avgang ein avgjerande dødsårsak på hjort i området. Finn ein daud hjort i så vel jakttida som utanom ordinær jakttid skal dette rapporterast til kommunen.

## **DEL 3. HANDLINGSDEL**

### **3.1 Avskyting**

Myking og Hundvin hjortevald legg til grunn at hjortestamma i området er stabilisert. Dette er i samsvar med rapportane frå jaktfelta. Dei siste 7 åra har valdet delt ut 100 fellingsløyver, og det er felt i snitt 80 dyr pr. år.

Det er eit mål å halde stamma på dagens nivå. Det er og eit mål å auke vektene på dyra på sikt og det er då viktig å vidareføre politikken med høg avskyting av yngre årsklassar, med prioritet på skrapdyr-skyting. Det vert teke sikte på å etablere rutinar for dette ved å innføre ei ”skrapdyr-kvote” på kalv og ungdyr. Skrapdyr er dyr som har ei klart lågare vekt enn alderen tilseier.

Skrapdyrvektane settast som følgjer

- Hannkalv: under 21 kg
- Hokalv: under 20 kg

Det er som nemnt eit mål å auke talet eldre bukkar i bestanden, og tiltaket i dette høve vil vere og ikkje skyte meir hanndyr enn det som vert rekruttert tilbestanden.

Med desse tiltaka ønskjer vi å få ein hjortebestand som består av ein stor del vaksne og produktive dyr som vil gje høg produksjon og stor stabilitet. Lokalt i valdet vil det mange stader vere aktuelt å spare ”stamdyr” i form av vaksne koller. Koller skal ikkje skytast frå kalven. Og jaktleiaren innrapporterar felte dyr til valdansvarleg straks etter jaktslutt saman med sett hjort skjema og slaktevektskjema.

For å nå måla i planperioden skal løyva fordelast etter følgjande opplegg alders og kjønnsfordeling :

Minimum 25% kalv, minimum 40% ungdyr (50 % hann og 50% ho), maksimum 20% eldre kolle og maksimum 15% eldre bukk.

### **3.2 Ettersøksavtaler**

Kravet til godkjent ettersøkshund er ikkje grunneigarretta, men eit krav til jegeren. Valdet vil likevel vidareføre ordninga med ettersøkshund frå Nordhordland Jeger- og Fiske-lag i denne planperioden.

### **3.3 Felling av skadedyr**

Felling av skadedyr handterast av dei einskilde jaktfelt og fellte skadedyr takast på jaktfeltet si kvote. Ved større skadeproblem legg ein i denne planperioden opp til å ha eit aktivt samarbeid med kommunen med sikte på å finne løysingar dersom slike skulle oppstå. Skadeløyve utanom jakttida må ein søkje kommunen om. I neste planperiode vil vi ha betre grunnlag for å kunne handtere skadeproblematikken sjølve.

### **3.4 Sett – Hjort data.**

Sett hjort – metoden går ut på å systematisere observasjonane jegerane gjer under jakta ,og gir oss høve til kunnskap om lokale bestandar. Pr. d.d. er metoden den mest brukte i Noreg. Sett – hjort gjer oss høve til og sjå endringar i bestandane over tid, og difor eit godt høve til å finne status for bestandane.

For at desse tala skal bli så truverdige som mogleg er det viktig at ein jobbar for full oppslutnad frå alle felt i laget. Jaktfelta har ansvar for at føringa av skjema er tilfredsstillande. Desse tinga er viktige for å få ein god kunnskap om dei biologiske tilhøva i bestanden.

## **DEL 5. AVSKYTINGSPLAN.**

### **4. Avskytingsplan for 2008 – 2010**


Myking og Hundvin grunneigarlag/ hjortevald inngår følgjande bindande avtale med Lindås kommune om avskyting av hjort for perioden frå og med 2008 til og med 2010

- Valdet får tildelt for heile planperioden 354 dyr. Dette gir ei tildeling på 118 dyr i året. Og ei kvote på 5 skrapdyr pr. året.
- Fellingsresultatet for dei tre avtaleåra skal etter jaktsesongen i 2010 ver slik: Minimum 25% kalv, minimum 40 % ungdyr, maksimum 20% eldre kolle og maksimum 15% eldre bukk. Det skal ikkje skytast meir enn 50% hanndyr.
- Vi kan godta eit avvik på +/- 10%
- Alle løyva blir tildelt som valfrie dyr frå kommunen til grunneigarlaget/storvaldet.
- Laget fordeler sjølv den tildelte fellingskvota mellom jaktfelthaugen i laget.
- Laget skal revidere planen innan utgangen va 2010. Eventuelle endringar utover rammene med Lindås kommune, må kommunen godkjenne.

Elles gjeld dei same plikter om jakt og rapportering som viltlova med føresegn setter krav om.

Stad /dato .....

For Myking og Hundvin  
Grunneigarlag



For Lindås Kommune



**Vedtekter  
for  
Myking og Hundvingrend Grunneigarlag**

**§ 1. Grunneigarlaget**

Myking og Hundvingrend Grunneigarlag er ein samanslåing av grunneigarar i midtre delen av Lindås Kommune. Laget er avgrensa av følgjande geografiske grenser:

I vest: Lurefjorden.

I nord: Lindåsosane, Fjellsendevatnet, Austrevatnet og Langavatnet

I aust: Fensfjorden

I sør: Kjeggjarvatnet, Vikavatnet, Midtvatnet, Tveitavatnet, Fammestadgarane, Svindal, delar av Hindenes.

**§ 2. Formål og arbeidsfelt**

Laget skal forvalta og fremja samarbeid om utnytting av storvilt-, småvilt-, fiske- og naturressursar på laget sitt område på ein bærekraftig måte.

Laget skal i sitt arbeid syta for:

- ein langsiktig forvaltning.
- å ta vare på medlemmane sine ressursar i utmarka.
- å stetta innbyggjarane sine krav til å nytta utmarka til rekreasjon med bakgrunn i lovgjevinga.
- forvalta viltet og jakta.
- forvalta innlandsfiske.
- forvalta lakse- og sjøaurefiske
- vera høyringsinstans og forvalta hyttebygging i området.
- å ta vare på medlemmane sine interesser i saker om naturvern og friluftsliv.

**§ 3. Innmelding og utmelding**

Innmelding i laget skjer ved at det vert underteikna ei erklæring om innmelding. Medlemskapen skal lyda på gjeldande eidegom og kan ikkje skiljast frå denne. Minimum eideomsstorleik for medlemskap må være 40 daa.

Utmelding kan skje skriftleg med eit års varsel. Utmeldt medlem er likevel bunden av eventuelle langsiktige avtalar som laget har inngått etter vedtak på årsmøte.

**§ 4. Styret**

Laget vert leia av eit styre på 5 medlemmar, der alle utanom formann har varafolk. Minst ein av styret sine medlemmer skal vera aktiv gardbrukar. Styret er vedtaksført når leiar og minst to styremedlem er til stades. Gyldige vedtak vert treft med minst 2 stemmer.

Styret vel blant sine medlemmer nestleiar, kasserar og skrivar.

Styret skal:

1. Arrangera årsmøte og legga fram årsmelding med revidert rekneskap, samt utarbeida arbeidsplan og budsjettforslag for komande år.
2. Setta i verk tiltak på den måten årsmøtet vedtek.
3. Føra møtebok for laget.
4. Fremja forslag om eventuelle endringar av laget sine retningslinjer for fremjing av laget si utnytting av ressursar på dei ulike saksområda.
5. Melda ulovleg jakt og fiske på laget sitt område.

## **§ 5. Årsmøtet**

Årsmøtet skal haldast kvart år innan utgangen av mars. Styret kallar inn til årsmøte med minst 14 dagars varsel. Styret eller minst 10 medlemmer kan krevja at det vert innkalla til omframt årsmøte.

Årsmøtet skal:

1. Velja 2 personar til å underteikna referatet.
2. Handsama styret sitt framlegg til årsmelding, rekneskap, arbeidsplan og budsjett for komande år.
3. Velje leiar for eitt år
4. Velje dei styremedlemmer med varafolk som står på val.  
Styremedlemmer vert valt for to år om gangen.
5. Velja to revisorar.
6. Handsama saker som kjem opp etter § 2.
8. Handsama andre saker.

Det skal først referat for årsmøtet. Vedtak i saker som ikkje er nemnt i innkallinga er berre gyldige dersom ingen av medlemmane protesterar på vedtaket innan ein månad etter årsmøtet.

Alle vedtak på årsmøtet eller anna fellesmøte som det er kalla særskilt inn til, skjer ved alminneleg fleirtal blant dei frammøtte.

Til endring i vedtekter vert det kravd 2/3 fleirtal blant dei frammøtte og at minst 1/3 av medlemmane må vera representert på møtet. Møter ikkje så mange kan forslag vedtakast på neste årsmøte med alminneleg fleirtal blant dei som møter.

## **§ 6. Eigen disponering av jakt og fiske**

Medlemmar som ynskjer å disponera eigen jakt og fiskerett kan søkja laget om dette.

Laget kan ikkje nekta dette dersom følgjande føresetnader er tilstades:

- Feltet er av ein høveleg storleik
- Feltet skal ha ei naturleg geografisk avgrensing og ikkje dela opp utmarka på ein upraktisk måte.
- For storviltjakt må feltet vera så stort at det gjev grunnlag for minst 3 fellingsløyve.

Jaktfeltet er framleis ein del av laget sitt storviltvald.

Søknad kan avgjerast av styret, men skal meldast til årsmøtet

Laget disponerer ikkje fiskerett i vatn der ikkje alle rettigheitshavarar er medlemmar i laget.

## **§ 7. Oppløysing**

Oppløysing av laget kan berre skje ved 2/3 fleirtal av eit årsmøte. Minst halvparten av medlemmane må vera til stades. Møter ikkje så mange kan oppløysing vedtakast på neste årsmøte med alminneleg fleirtal blant dei som møte.

Før eventuell oppløysing må alle avtalar vera avvikla og alle pliktingar dekka.

Ved oppløysing vert laget sine eignelutar delt mellom medlemmane.

## **§ 8. Tvistar**

Alle tvistar mellom laget og medlemmar, eller mellom medlemmar innbyrdes som gjeld forståing og gjennomføring av desse vedtektena vert avgjort med bindande verknad for alle partar av ei vollgiftsnemnd på 3 medlemmer. Til nemnda vel partane sjølv eit medlem kvar. Den tredje vert oppnemnd av Nordhordland Tingrett.